



Saksnr.	Utval	Møtedato
060/24	Formannskapet	06.06.2024
093/24	Kommunestyret	13.06.2024

Bordgleder Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2023

KOST- 093/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 06.06.2024

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2023 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2023. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 13.04.2024 utan atterhald.

Kontrollutvalet har i møte 29.04.2024 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 012/24:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsrapport 2023 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr -10.054 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 11.925.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2023 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2023 utgjør kr 2.250.200.

Udekka i investering må dekkes inn i budsjett 2024.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 13.06.2024:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedteke.

KOST- 093/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 06.06.2024:

Framlegg til vedtak, foreslått av Øyvind Bang-Olsen,

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 060/24 Vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for Bordgleder Kinn kommune KF vert godkjent slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Bordgleder - Årsrekneskap 2023

Bordgleder - Årsmelding 2023

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2023 for Bordgleder Kinn kommune KF

Melding om vedtak: Bordgleder KF - årsrapport og rekneskap 2023

Møtebok mars 2024